

Årsmøte i Radøy sau og geit 2015

Møtet vart halde den 10. februar kl 20.00 på Smiths møte og selskapslokaler . 19 medlemmer møtte .

Ivar Soltveit ønskte velkommen til møtet.

Anders Konglevoll fagsjef på sau i Reime Agri var med oss denne kvelden og snakka om ulike løysingar på nybygg og ombygging av sauefjøs.

Anders har sjølv 180 vfs og venter over 350 lam til våren .Han snakka mellom anna om viktigheita av å sjå nye muligheiter i sauefjøset . Dette er viktig for å oppretthalde interessa for å drive med sau .

Det er mange begrensingar i tradisjonelle fjøs . Det er ofte basert på manuell foring . Det kan vere vanskeleg logistikk og dårlig plassutnyttelse. Alle modellane til Reime har vore utprøvd heime i fjøset på Konglevoll.

Element som f.eks handteringsrenne kan vere eit svært godt hjelpemiddel til å gjere kvardagen lettare til sauebøndene . Denne er grei til sortering , veging , medisinerer , fosterteljing ,osb .

Reime forkasse er sjølve kjernen i storbingeløysinga . Denne kan fyllast med f.eks silotalje ,rundballekuttar , hjulvogn eller minilaster for å nevne nokon metodar.

Datastyrt kraftfordeling er svært gunstig då ein kan styre kraftfordelinga til den enkelte sauen svært nøye ved hjelp av program på data.

Mjelkepulverautomat er også eit viktig element i stordriftsmodellen.Denne er til stor hjelp dersom ein har mange kopplam .

Anders sa også at alle som ynskte å sjå korleis han hadde det i fjøset i lemninga var velkomne til å komme ta seg ein tur . Han hadde ingen ting å skjule , heller tvert om .

Årsmøte saker

1. Ivar Soltveit vart valgt til møteleiar.
2. Saksliste og innkalling vart godkjent.
3. Erna Tunsberg Erstad vart valgt til skrivar.
4. Arve Erstad og John Morken vart vald til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiaren Ivar Soltveit.
5. Årsmeldinga vart lest opp av Ivar Soltveit og godkjend av årsmøtet.
6. Rekneskapa vart lese opp og gjort greie for av Edgar Grindheim . Denne vart så godkjend.
7. Handlingsplanen for 2015 vart lest opp av Ivar Soltveit og godkjend av årsmøtet.
8. Det var ingen innkomne saker eller saker frå styret .
9. Valg av nytt styre i Radøy sau og geit .

Atle Mariussen , leiar i valnemda las opp valnemdas innstilling til nytt styre . Det kom ikkje andre forslag frå årsmøtet og etter at valget var gjennomført og styret seinare hadde konstituert seg ser styret no slik ut .

Leiar	: Ivar Soltveit	(1 år)
Nestleiar	: Arild Valdersnes	(2år)
Skrivar	: Erna Tunsberg Erstad	(1 år igjen)
Kasserar	: Edgar Grindheim	(2 år)
Styremedlem	: Lone Møller	(1 år igjen)

1. vara	: Kåre Hole	(1 år)
2. vara	: Thomas Risnes	(1 år)
3. vara	: Thore Johnsen	

Revisorar : Kristen Risnes og Vidar Morken
Begge tok attvalg for 1 år .

Styret fekk fullmakt frå årsmøtet til å velge utsendingar til årsmøtet i Hordaland sau og geit 20 -21 februar. Desse vart leiaren Ivar Soltveit og kasserar Edgar Grindheim

10. Ny valnemd vert som følger etter forslag frå årsmøtet:

1. Edvin Vågstøl
2. Svein Haugen
3. Arve Erstad